


EDVARD HOEM
Bror din på prærien

Roman



FORLAGET OKTOBER 2015

FØRSTE DEL

EILERT KNUDTSSENS LÆREÅR

1

EILERT KNUDTSSEN REKNÆS var seksten og eit halvt år gammal da han forlét foreldreheimen for å reise til Amerika. På ferda over havet skjedde det ei forandring med han. Reisa gjekk med s/s *Juno* frå Kristiansund via Ålesund, Bergen og Stavanger til Hull på austkysten av England.

Den første natta om bord hadde Eilert vanskar med å få sova. Den store lugaren på tredje klasse var full av unge karar, snorking og dårleg luft. Han var urven da han stod opp neste morgon, men kom seg da han fekk frukost. Ved midnatt var dei framme i Bergen. Eilert hadde ikkje sett Bergen før, men skipet låg knapt ein time til kai, så han kunne berre gå ein kort runde i hamneområdet. Neste morgon kom dei til Stavanger. Eilert sov godt den andre natta, vakna tidleg og var ved godt mot. Etter frukosten i spisesalen var han heldig og fann ein ledig fluktstol ute på dekket. Enno hadde han ikkje snakka med nokon av medpassasjerane, men han studerte dei når han var sikker på

at dei ikkje la merke til det. Dei var ikkje berre eldre enn han, dei var også av eit friare og lystigare slag, tenkte han. Ingen såg ut til å vera så unge som han. Det var mange ektepar med barn om bord, og dei hadde nok med sine. Ei mor tok heile tida klede av og på ungene sine, som om ho ville hindre både at dei fraus og at dei vart for varme.

Men først og fremst såg Eilert på dei unge karane og kvinnene som reiste aleine. Ein gjeng trønderar sat og spela kort, og blant dei sat latteren laust. Fleire av kvinnene strikka. Ein spelemann med filthatt hadde eit trekkspel med seg, og det var ikkje så lite vemodig når han drog spelet og song den velkjende songen *Farvel, du Moder Norge, nu drager jeg fra dig!* Seinare spela han både vals og reinlendar, og nokre av dei unge karane baud opp unge kvinner og svinga dei på dekket.

Eilert dansa ikkje. Han hadde ikkje lært seg den kunsten, for han var ein alvorleg ung gut som hadde gått på kristne lekmannsmøte alt før han vart konfirmert. Derfor tok han fram konfirmasjonsbibelen sin og las i den. Da han såg opp, stod det ei ung kvinne og trippa framfor han.

– Den boka kan du vel lesa i ein annan gong, sa ho. – Vil du ikkje danse med meg?

– Eg kan ikkje danse, sa Eilert.

– Det du ikkje kan, kan du vel lære, sa jenta. Ho ville dra han opp frå stolen han sat på. Han forstod at det var ein gyllen sjanse. Han la bibelen frå seg på stolen og så prøvde han å trø i takt med henne. Det gjekk ikkje så godt, føtene kom i vegen for kvarandre, og ein eller annan lo. Jenta sa han ikkje skulle bry seg om det. – Du er i ferd med å lære det, sa ho. – Set føtene slik! Ein-to-tre, ein-to-tre. Og

sanneleg, det gjekk snart betre. Han var nesten lei seg da musikken stansa.

– Kva heiter du? sa han til jenta som han hadde dansa med.

– Mari Olsdatter, sa ho. – Og du?

– Eilert Knudtsen, sa han.

– Ser deg sidan, Eilert.

Ho forsvann bortover dekket. Han plukka bibelen fram igjen. Men bibelversa han prøvde å samle seg om, gav han ikkje den indre freden som han hadde vona, og etter ei stund la han bibelen i handkofferten. Der vart det dei kalla Bøkenes bok liggande resten av reisa, saman med eit skift undertøy, ei jakke, to par strømper, to reine skjorter og nokre andre småsaker som kunne bli nyttige, ei saks, eit drikkebeger, og ein rull med hefteplaster som systera hadde gitt han, saman med eit stykke spekekjøtt og ein boks med flatbrød som han kunne fortære, i tilfelle det skulle bli for lenge mellom måltida.

Men matstellet var godt om bord på s/s *Juno*, og mat var inkludert i billetten. Tre store måltid vart serverte kvar dag, og det vanka varm suppe, kjeks og brød til kvelds. Eilert var ein svoltten ungdom. På s/s *Juno* kunne han forsyne seg så mykje han ville, og det gjorde han.

Mari Olsdatter såg han ikkje noko til på fleire dagar. Ein skulle tru ho hadde gøymt seg. Han var trist for det ei stund, men så gløynde han henne. Det var nok å halde auge med. Bølgjene og sola, vinden og skyene, men framfor alt menneska han reiste saman med, gjorde at han måtte få med seg alt som skjedde rundt han. Over skipet hang ein sverm måsar. Dei skreik og stupte i sjøen når ein av

kokkane kasta potetskal over bord. Så steig dei igjen, opp mot den skinande blå himmelen.

På alle kantar utspann det seg små historier. Frimodige karar plystra etter kvinnene og fekk kanskje eit hoftevrikk til svar. Andre ungjenter var gåtefulle, ansa ikkje gutane, dei stod berre og stirte ned i sjøen. Hælar klakka der folk gjekk att og fram. Eilert måtte nesten klype seg i armen, så mykje rart som han var vitne til. Var det verkeleg han, og ikkje ein annan, som reiste av stad? Ein flokk unge kvinner kunne ikkje styre ein liten latter da han gjekk forbi dei:

– Så høg og så tynn! høyrde han at ein av dei sa.

Ein eldre mann som stod ved rekka heile dagen, hadde eit stort hogg i panna. Han blødde ikkje, men Eilert syntest det såg ut som eit dødsmerke. Alle stirte lengselsfullt mot kysten straks dei fekk landkjenning av England, og uroa som kom over dei, skapte sterk uro også hos Eilert. Snart låg byen framfor dei, grå av kolrøyk, men like fullt var han eit storslått syn da dei nærma seg, med fireetasjes murbygg ved hamna og store forretningsgardar lenger inne. Menneska myldra i gatene. Måsane skreik. Vinden var kjølig, men sola skein gjennom skoddelaget. *s/s Juno* klappa til kai. Her skulle dei overnatte.

Eilert tok følgje med to andre ungdommar ut i byen. Dei var eldre enn han, kanskje tidleg i tjuåra, og dei ville på pub. Ein fekk følgje skikken der ein kom, sa dei, da dei spurde om han ville bli med. Ein slik sjanse kunne han ikkje la gå frå seg. Eilert drakk eit glas øl, og ølet gjorde godt, men det var ikkje så sterkt som han hadde trudd. Ein whisky-dram, derimot, syntest han var gode saker, den gjorde han så herleg varm i hovudet. Men da han bad om ein til, kom

pubverten på at han var for ung og nekta han meir servering. Men han visste råd.

– Kjøp ein dram til meg! bad han ein av dei andre karane.

– Her har du pengar! Han var temmeleg ustø da dei skulle gå om bord igjen, men dei vaksne karane tok godt vare på han. Han var stor og sterk og kunne forresten ta vare på seg sjølv. – Eg vil kjøpe meg ei pipe! snøvla han. – Kvar får eg kjøpt ei pipe? Eg vil bli piperøykar!

– Du ser meg ut som ein piperøykar, sa dei. – Pipa kan vente til du går i land i Amerika. Det er ikkje lov å røyke om bord i amerikabåten.

Neste morgon hadde han bondeanger. Men han kom seg snart.

Frå Hull reiste amerikafararane med tog til Liverpool, og frå Liverpool gjekk ferda med s/s *Sardinian* til Montreal.

Eilert gjekk om bord sitrande av spenning. No begynte det for alvor! s/s *Sardinian* var ei lang og stolt skute som ropte av vegen, der ho låg på hamna i Liverpool. Ho hadde ein skorstein og to riggar for segl, som skulle hjelpe på i medvind. Lengda på dampskipet var fire hundre fot, og på det meste hadde ho ei breidd på meir enn førti fot. Alt dette kunne han lesa om på ei tavle.

Skipet hadde plass til mange hundre passasjerar, og dei som gjekk om bord i Liverpool, var nordmenn, engelskmenn, tyskarar, hollendarar og svenskar. Eilert kunne observere dei mest underlege plagg, flosshattar, sixpences, svarte og kvite kvinnfolktørkle, vide stakkar, hårpryd som rakk til livet på unge kvinner. Og alle luktene! Eilert visste at han hadde nase som eit rådyr, men her vart det nesten for mykje av det gode. Det summa og surra på tysk, engelsk

og svensk. Dei ulike folkeslaga heldt seg for det meste saman med sine eigne, men om føremiddagen kunne ein gå kvar ein ville på tredje klasse, og da var det ikkje til å unngå at ein støyte på folk frå framande strender. Tyskarane var smilande og godmodige, engelskmennene såg ut som dei helst ville hatt skuta for seg sjølv. Rarast av alle var dei hollandske madammene. Dei lo og likte å danse og klakke takta når ein eller annan spela munnspele, for dei hadde vide stakkar som dei kunne svinge seg i, og treskor. Ei av dei, ho kunne vera nitten eller tjue, stod eit par armlengder borte frå Eilert og stirte på han. Han stirte tilbake, men ho veik ikkje med blikket før han raudna og snudde seg bort.

Det var folksamt overalt på s/s *Sardinian*. Det var latter og samtalar på mange språk. Det var lukter, flagrande klede og granskande blikk. Det var stirring og blunking, kremting, nysing og hosting. Når dei skulle til måltid i matsalen, dulta menneska borti kvarandre. Dampande kjelar med ertesuppe fann ein der, det lukta steikt fleisk og brune bønner, kaffe, stramt værterøl og nybakte brød. Samtalen vart til ei surring ved borda, men Eilert snakka berre når han sjølv vart tilsnakka. Han prøvde å verja seg fordi inntrykka overvelda han, og ikkje minst var han redd for smitte. *Hald deg unna folk som hostar og spyttar på dekket!* hadde mor hans sagt til han, og det rådet ville han følgje. Når han kunne koma til med det, vaska han hendene. Stanken på toaletta på tredje klasse var ubeskriveleg. Det verste som kunne skje, var at han fekk diaré eller vart forkjølt og fekk feber. Enkelte av medpassasjerane hadde ein hoste som ikkje gjekk over. Andre var sjøsjuke og stod bleike ved rekka og kasta opp, enda det nesten ikkje var vind. Somme var friske nok, men

mistenksame og uvennlege, som om dei venta at medpassasjerane når som helst skulle kaste seg over dei og stela pengane deira. Men her fanst også folk som spankulerte og viste seg fram. Ein skulle tru dei hadde eit kongerike som venta på den andre sida av havet. Andre luska omkring med hovudet hengande, klødde seg under armane, kikka på skrå opp mot himmelen og riste på hovudet som om dei var vonbrotne over at det ikkje kom eit svar derifrå.

Men kvar var Mari Olsdatter?

På veg over Atlanterhavet begynte ein ny Eilert å ta form. Han tok til å helse på dei som kom mot han der han gjekk att og fram på dekket. Somme nikka tilbake, andre lest som dei ikkje såg han. Det fekk vera ei frivillig sak, om dei helste eller ikkje, tenkte Eilert. Han ville bli ein av dei andre, ikkje berre gå og sture for seg sjølv. Når han nærma seg ei klynge av landsmenn som stod og prata saman på dekket, stilte han seg opp i utkanten, og når ein av dei ansa at han var der, og snudde seg for å snakke til han, vart dei andre gjerne stille. Da presenterte han seg med fullt namn og spurde om det var i orden at han lytta til samtalen, for han syntest det var interessant å høyre kva dei tenkte om det eine og det andre, sa han til dei.

Ja, så gjorde dei plass til han, og da gjekk det ikkje lenge før ein eller annan spurde kvar han tenkte seg. Og så var han med i diskusjonen til skipsklokka klemta fordi det var mat.

I den delen av skipet der han heldt til, var lugarane for ugifte kvinner og menn sperra av om nettene, men om dagen, når dei heldt seg ute på dekk, og under måltida i matsalen, der det var plass til meir enn to hundre menneske om gongen, fortalte han dei han kom i snakk med om korleis han

hadde tenkt å innrette seg når han kom fram. Den frimodige framferda tala til hans fordel, det merka han snart.

Og der kom Mari Olsdatter. Ho lo av glede over gjensynet.

– Eg har vore sjuk, Eilert! sa ho. – Eg har lege til sengs i fire dagar! Og du kom ikkje og besøkte meg. Er du frå Molde? Eg har høyrte at det skal være så vakkert i Molde. Fortel meg litt om Molde, da, Eilert!

Ho la alt til rette for at han skulle få løyst tungebandet, og det lykkast ho med, for foreldreheimen hans hadde ei fantastisk utsikt mot fjellrekka på den andre sida av Moldefjorden, og no snakka han om den. Han skildra også dei vakre skogkledde øyane i fjorden.

Dei var saman i timevis. Så måtte dei gå frå kvarandre da kvelden kom, og karar og kvinner som ikkje var gifte, måtte til skilde lugarar. Neste dag dukka ho opp igjen, lite fornøgd med at han ikkje la merke til henne med ein gong.

– Går du i eigne tankar, du? Ser du ikkje at det er æ? Kor langt har du tenkt deg no?

Han likte henne godt, der ho spankulerte omkring, kledd i mannfolkbukser, slik at ingen skulle koma henne for nær. Dei skjelmske augnekasta hennar viste at ho ikkje gjekk av vegen for ein spøk, og fleire gonger, når han skrytte som verst, sa ho: – Du Eilert, du Eilert! Og så lo ho.

Ein av dei siste kveldane om bord, da ingen andre var i nærleiken, fordi alle var gått til maten, spurde ho om han ikkje ville halde litt rundt henne, sidan det var litt kjølig, og det gjorde han. Da sa ho: – Eg er frisk igjen no! Og så strekte ho seg på tærne og kyste han på munnen.

– Vart du redd no, kanskje? sa ho.

Nei, det vart han ikkje, men det vart med det kysset. Det vart utruleg nok eit farvelkys. Kva var det som skjedde med han? Jo, han fekk for seg at ho kom til å forføre han, så han vart bunden for livet og ikkje fekk utført dei storverka han hadde planar om. Han visste ikkje om han kunne stole på seg sjølv når han kjende ei slik salig, søt kribling. Da Mari Olsdatter spurde han om dei kunne reise saman frå Montreal til Minneapolis, svarte han svevande, og det var ikkje vanskeleg å sjå at ho tok seg nær av det. I dei dagane som var att av skipsreisa gjekk ho og såg etter han, men han oppmuntra henne ikkje ved å snakke eller smile til henne. Da dei gjekk i land i Montreal, trudde han at ho hadde gitt han opp og såg etter andre unge menn.

Han hadde tankar om unge kvinner som ikkje kledde han noko særleg: Unge kvinner kunne freiste unge menn og forføre dei, og så fanst det ikkje nokon veg vidare. Men kvinnene som skapte uro i han, gav han også ei aning om kor mykje godt han enno hadde til gode å få vera med på.

Frå Montreal gjekk turen til Toronto, og frå Toronto til Quebec, med tog og båt over sjøane. Alle nye inntrykk overvelda han. Han var ung, men han var med på noko stort! På toget frå Quebec kom ein liten mann springande gjennom kupeen, og da han passerte, fekk Eilert ein kraftig dytt. Det skjedde liksom i vanvare, men Eilert var ikkje i tvil. Mannen stakk handa lynraskt inn på innerlomma hans. Eilert greip rundt handleddet hans og vreid rundt. Mannen skreik i smerte og forsvann enda fortare enn han var komen. Fleire andre reisande som ikkje sov, var vitne til opptrinnet, og Eilert fekk skryt fordi han var så rask til å

reagere. Det enda med at han måtte passe lommebøkene til medpassasjerane, medan dei unnte seg ein blund.

I Minneapolis sette han frå seg reisesakene sine på det tarvelege hotellet der han skulle overnatte, og gjekk ut i byen saman med ein trønder som heitte Jonas Jensen, og ein mann som visste litt meir om livet enn han sjølv, fordi han hadde vore i Amerika før. Dei gjekk til eit strøk der Jonas Jensen ville vise Eilert noko, som han sa, og Eilert skjønnte ikkje kva det var før han stod inne i ei stue der det sat sju eller åtte kvinner i djupe lenestolar, som ropte *welcome back!* da dei såg Jonas Jensen. Det var ikkje nokon vakker stad, syntest Eilert, og da det gjekk opp for han kvar han var komen, vart han irritert. Han hadde ikkje noko der å gjera. Kvinnene var sterkt sminka og somme også svært gamle. Berre ei av dei var blottande ung. Eilert busa ut med det han tenkte:

– Har du tatt meg med på horehus?

– Det er eit veldig stygt ord, Eilert, sa Jonas Jensen. – Du burde vaske munnen din! Gledeshus heiter det. Ho unge der er dama mi, Eilert Knudtsen! Ho er norsk, ho heiter Karen-anna, men det vil ho ikkje for nokon pris vedgå. Ho er redd foreldra i Norge skal få greie på korleis ho forsørger seg. Derfor kallar vi henne Cynthia.

Så gjekk han bort og tok rundt henne, og ho såg så vidt i Eilerts retning, men slo så blikket ned igjen, medan trønderen kyste på henne, samtidig som han gav femti cent til ei velfødd kvinne i glitrande kjole som sat og liksom styrte trafikken.

– Kom og hels på Cynthia, Eilert!

Ho såg på han ein andre gong, men snudde seg så bort.

Eilert vart trist til sinns. – Eg går til hotellet, sa han. Jonas forsvann med Cynthia. Dei andre kvinnene lo av Eilert fordi han var så ung, og sa: – *Oh, Baby, you are cute. Come to me!*

Han vart kvalm berre ved tanken. Han kunne ha kasta opp. Han gjekk til hotellet medan trønderen forsvann inn ei dør med dama si. Eilert var mismodig da han sat aleine på brisken i eit firemannsrom i eit skittent hotell, men trass alt trygg på at han kunne styre seg og akte seg. Dei tre romkameratane hans var alle ute på livet, og han låg aleine utan å kunne sova. Rett før det lysna om morgonen, såg han ein skugge som nærma seg. Ein mann var komen inn i rommet, for døra var ikkje låst. Personen lista seg bort til stolen der kleda hans låg, og der setelboka hans var. Eilert spratt opp, ropte:

– Kom deg ut! Han greip tak i mannen, som lukta av brennevin og for så vidt var eit lett bytte. I basketaket hørde Eilert at han banna på tysk:

– *Scheisse!*

Det ordet hadde Eilert høyrte dei tyske gastane bruke, når dei kom med keisar Wilhelm til Molde, og noko mislykkast for dei.

Eilert reiv opp døra og dytta han hardhendt ut. Mannen gjekk i golvet, kom seg på føtene og sjangla bortover gangen. Eilert følgde ikkje etter. Han sat på senga og såg den grå morgonen koma. Her skulle han ikkje bli. Han kunne ha banka kjeltringen, men gjorde det ikkje. Kvifor gjorde han ikkje det? Skjedde det ein gong til, ville han få fram

naseblodet på tjuvradden. I denne verda gjaldt det å kunne bite frå seg, det skjønnte han no.

Neste morgon tok han toget vidare til Webster i Sør-Dakota, byen som låg tretten engelske miles frå Roslyn, der tanta Gjertine og mannen hennar, Ole Aas, hadde slått seg ned.

Reisa varte i fire timar. Toget susa gjennom frodig skog og deretter over endelause sletter i Minnesota, før det nådde dei blinkande sjøane lengst vest i staten. Fargane var sterke og klare. Prærielandskapet bølga på begge sider. Så steig toget mot høglandet, *Prairie coteau*, som dei kalla det. Her var det nesten ikkje skog, bortsett frå på strendene av dei små sjøane som blenkte i sola. Horisonten var endelaust langt borte, prærien fortapte seg i dis. Himmelen var blåare enn nokon himmel han hadde sett før.

Den nye jernbanelinja frå Saint Paul til Webster gjekk gjennom eit indianarreservat, og da toget tuta på veg gjennom reservatet, kom nokre indianarar ut og dansa ein krigsdans til ære for passasjerane. Alt var ikkje berre framandt for Eilert, han hadde sett teikningar av indianarar i avisene i Norge, av fjørpryden deira og kledda deira, men her var dei av kjøt og blod, eit steinkast unna toget, som seinka farten og bles damp, medan lokomotivføraren tuta med fløyta.